



**Statens vegvesen**  
Rogaland

# Rygjavegen

Nr. 6  
desember 1998  
26. årgang

## God Jul



- 4 Meir biltrafikk under jorda i Stavanger**
- 6 Intervju med samferdselsminister Odd Einar Dørum**
- 8 Sykkelveg på ønskelista i Eigersund**
- 12 Plan for rassikring av Rogalands-vegane**
- 14 Estetikk som fag**
- 16 Gammal og ukjent veg på Hundvåg**



# VEGSJEF-TEIGEN

## Nok en pris .....

Tidligere i år har vi vunnet Vakre Vegers Pris, vi har vunnet prisen for beste bedriftsblad og nå vinner vi altså prisen for beste lærebdrift i 1998.

Jeg synes vi har all grunn til å være stolte. Vi var noe usikre hvilken status denne prisen hadde, vi som dro inn til Oslo for å få prisen som årets lærebdrift på. Priser har vi jo både for det ene og for det andre, og noen henger av den grunn høyere enn andre. Vi skulle snart erfare at prisen som årets lærebdrift henger høyt. Det var lagt opp til en flott seremoni under Landskonferansen for videregående opplæring, et årvisst arrangement i regi av Kirke-, utdannings og forskningsdepartementet (KUF). Vi fikk prisen i skarp konkurranse med 19 andre foreslalte bedrifter, både offentlige og private. Det var statsråd Lilletun som delte ut prisen og han la vekt på at vi hadde dokumentert et aktivt og målrettet arbeid for å rekruttere og utdanne læringer i vår bedrift. Vi hadde videre rekruttert læringer til en rekke forskjellige fagområder og sist, men ikke minst hadde vi utnyttet muligheten for og oppfordret våre uufaglærte til å gjennomgå opplæring etter §20. Statsråden var spesielt glad for at en offentlig bedrift, til og med en statlig, denne gang fikk prisen. Det viser at det nytter og at vi kan gå foran med et godt eksempel.

Det er moro når slike ting skjer. Vi får på en måte lønn for strevet utover det vi får i lønningsposen. Det er selvfølgelig noen nøkkelpersoner som drar dette lasset på en glimrende måte, og de har fått sin takk. Imidlertid er det mange andre

som er involvert i tilretteleggingen for lærlingene og som tar seg av dem i det daglige. De fortjener også en takk.


Det er viktig for oss i Statens vegvesen og spesielt for bygge- og anleggsbransjen, at vi er bevisst på rekrutteringen til disse fagene. Lærlingene er en viktig del av vår framtid, og den framtid er vi med på å legge grunnlaget for nå. Mest viktig er det kanskje for produksjonsvirksomheten vår, men vi ser gjerne at det etterhvert kommer noen ingeniører og sivilingeniører med et fagbrev i bakhånd. Den type kompetanse vil for oss i Statens vegvesen være svært verdifull. Gjennom reform -94 er muligheten for å bygge på fagbrevet med et-årig etteutdanning for å få studiekompetanse tilstede og da ligger muligheten åpne inn til ingeniør/sivilingeniørstudiet. Jeg håper at flere etterhvert ser denne muligheten og benytter seg av den.

Ingeniørkompetanse på våre fagsfelt er nemlig etterhvert blitt mangelvare ettersom det utdannes færre og færre med denne type kompetanse på våre utdanningsinstitusjoner.

Forøvrig nærmer det seg jul. Julen er et lite pusterom. Benytt det godt i samvær med familie og venner.

**Ha en riktig god jul alle sammen!**

Tor Geir Espedal



## INNHOLD

Vegsjef-teigen .....	2
Vegvesen-familien og bedriftsbladet .....	3
Storhaugprosjektet .....	4
Interview med statsråd Odd Einar Dørum .....	6
	
Tunnel under Boknafjorden .....	7
Ferjefri Boknafjord .....	7
Lang kamp for tryggare veg i Eigersund .....	8
Veg-opprusting på Rennesøy .....	11
Rassikringsplan for vegane i Rogaland .....	12
	
Landskapsarkitektane, estetikk og trafikk .....	14
Årets lærebedrift 1998 .....	15
Vegmysteriet på Hundvåg i Stavanger .....	16
Nasjonal verneplan for veg-kulturminne .....	17
Vegvesen-familien og bedriftsbladet .....	18
Bilismen – i Kina og i Norge .....	21
Tilstelling for årets pensjonistar .....	22
Nasjonalt pensjonistforbund .....	23
Solveig Stangeland: Lapp og pute .....	24
Asfalt og eplekake .....	24
Kryssord .....	25
Trafikkavdelingens fellesmøte .....	26
Periodisk bilkontroll .....	27
Administrasjonsavd. på seminar i København .....	28
«Det er godhet vi ønsker å dyrke» .....	30
Unik utdanning for lærlingane .....	31
AMU-møte på Stavanger trafikkstasjon .....	31
Kva med 60-åringane? .....	32
Personalpolitikk ved omstilling .....	33
Personalnytt .....	33
Avdelingsleiarkommentar: Intern informasjon .....	34
Det lyser i stille gredner .....	35
Tillitsvalgtes spalte .....	35

## Rygjavegen

Nr. 6 – desember 1998

**Ansvarleg redaktør**  
Harald Sel

**Redaksjon**  
Birgit Høiland Gudmestad

**Redaksjonsråd**  
Bjørn Martin Alsaker  
Nils Lausund  
John Mathias Mathiassen  
Tormod Nag  
Anne Elise Njærheim  
Liv Rettedal

**Sats/layout**  
Sissel Gro Norland

**Trykk**  
Allservice A/S

**Forsidefoto**  
Torstein Rein Larsen

**Baksidefoto**  
Torleiv Tveit

**Opplag**  
1900 eksemplar

## Vegvesen-familien og bedriftsbladet

I 1998 har mange opplevd ei ny side ved Statens vegvesen: Ein etat som nærast sprudla over i kreativitet og utfaldning under Kulturdagane på Norsk vegmuseum. Tilskipinga var ein folkeleg kulturfest. For mange var det også ein fest som samla familiemedlemmer, – ektefelle, barn, besteforeldre og andre.

Vegvesenet sin bedriftskultur, kva er særprega ved den? Me skal ikkje prøva å svara utfyllande på det spørsmålet. Men tradisjonelt har nok familie-engasjementet vore eit av særprega ved vegvesenkulturen. Slike engasjement finn ein sjølvsgatt også i andre verksemder, men truleg få stader så sterkt som i vegvesenet.

I dag synes det å vera ei utvikling mot at kvar har nok med seg. Arbeidet til ektefelle, mor eller far vedkjem ein lite. Arbeitsplassen kan bli til ein stad der ein er for å tena pengar, og nok med det. Me tapar noko ved ei slik utvikling. I familiefellesskapet bør også arbeid- og arbeidsplass ha sin del.

Kulturdagane var eit tiltak som er med på å halda oppe bedriftskulturen vår, også den sida som gjeld familie-medverknad. Men kva med kvardagen? Kulturdagar har me i beste fall kvart fjerde år. Her trur me at bedriftsblada har ein viktig plass. I Rogaland vil me at Rygjavegen skal vera eit blad for både den vegvesen-tilsette og familien hans. Det bør vera eit blad som både ektefelle og andre ser mon i å bla igjennom, sjå på biletta og gjerne lesa litt i.

Når ein les dette nummeret, vil ein kunne spørja: Kan det vera rett å bruka spalteplass til ei kriminalnovelle i Statens vegvesen Rogaland sitt bedriftsblad? Men ein kan like gjerne spørja: Er det rett å bruka ei side i kvart nummer til kryssord? Av kryssord-løysingane ser me at slett ikkje alle kjem frå tilsette. Kryssordet engasjerer også familiemedlemmer. Det vonar me at også kriminalnovella vil gjera. Og når ein først er i gang, så les ein gjerne litt av «reindyrka» vegvesen-stoff i same rennet. Også det kan vera spennande og interessant.

**God jul og godt år i 1999!**



Harald Sel



# Klart for STORHAUGTUNNELEN

No er det like før første salva går i det som skal bli Storhaugtunnelen i Stavanger. Eit par hus er alt rivne i kvar ende av traseen, og arbeidet med å setja opp måle- og kontrollpunkt er i full gang. Rundt 1. februar tek tunneldrifta til, og når to og eit halvt år og 127 millionar kroner er gått, skal det la seg gjera å køyra bil under Storhaug.



Her skal tunnelarbeidet starta i månads-skiftet januar/februar. Tunnelen skal ned og inn akkurat der det raude huset står – og huset skal rivast. Det store treet i bakgrunnen til venstre er freda og skal stå over tunnelinngangen.



Om eit drygt år kjem tida for gjennomslag. Då kjem tunnelen ut att rett på Strømsbrua, midt i biletet.

Tekst og foto:  
Birgit Høiland Gudmestad

Tunnelen skal byggjast frå aust mot vest, og innslaget blir i Haugesundsgata. Fordelen ved å starta arbeidet på denne sida, er at overskotsmassen kan køyrast kortast mogleg. Massen blir teken ut gjennom tunnelen og ned til sjøen, der det skal fyllast ut til industriområde.

## 200 hus i anleggsområdet

Om eit års tid har tunnelarbeidarane jobba seg 1280 meter under heile Storhaug, og er komne ut rett på Strømsbrua. Både på austsida og på vestsida av tunnelen skal trafikken kanaliserast gjennom rundkjøringar. Heile anlegget omfattar 1700 meter, og når det er heilt ferdig om to og eit halvt år, reknar ein med at det vil passera 9000 bilar i døgnet.

På Storhaug er folk godt nøgde med at dei vil sleppa farleg gjennomgangstrafikk og ubehageleg forureining når bilane går under jorda. Men før dei opplever det, vil tolmodet deira bli sett på harde prøver. Om lag 50 hus ligg rett oppå tunneltraseen, mellom dei ei kyrkje og ein barnehage, og fleire hundre ligg så nær at dei vil kunna merka både boring og sprenging.

## Pakk ned porselenet

– Dei som er i husa, vil merka tunnel-sprenginga som underjordiske drønn.

Glasdører vil vibrera, og krystall og porselen somstår i hyller og skap vil klierra. Det blir merkbart, men det er ikkje farleg, strekar geolog Øyvind Riste under. Han har vore konsulent for vegvesenet og gjort geologiske forundersøkjingar til prosjektet. Sjølv har Riste kontor i Birkelandsgata i utkanten av Storhaug, og reknar med at han vil kunna kjenna det når salvene blir fyrt av.

– Eg plar å råde folk til å ta ned frå hyllene det mest verdfulle krystallet og porselenet, pakka det inn i avispapir og oppbevara det i pappesteker medan arbeida går føre seg. Det skjer truleg ingen ting, men då er ein i alle fall sikker, seier Riste.

## Tidkrevjande

Vegvesenet på si side vil også vera sikker, og har difor engasjert eit firma til å gå gjennom bydelen og laga tilstandsrapportar for hus som ligg på tunneltraseen. Totalt skal det lagast 250 rapportar. Innanfor ei sone på 25 meter frå traseen skal tilstanden både innvendig og utvendig dokumenterast. I ei sone på 25 til 50 meter frå traseen greier det seg med utvendig synfaring. Unntaket er husa i Lysefjordgata og Karlsmannegata. Her er husa bygd på ei gammal torvmyr, og vegvesenet ønskjer å dokumentera tilstanden til bygningane så langt vekk frå traseen som 80 meter. Slik vil ein unngå å måtta stå til ansvar for skader som har skjedd før tunnelarbeidet tok til.

– Me er veldig merksame på setningar



Slik skal tunnelen gå under bydelen Storhaug i Stavanger.

som kan oppstå i grunnen, både på den delen av Storhaug som er bygd på den gamle myra, og på stader der det er skiftande djupne på fjellet og på jordlaget som ligg oppå fjellet. Me vil ta den tida me treng for å hindra at grunnen set seg. Det skal ikkje mange millimeter til, før dører og vindauge i husa blir skeive. Difor har me heller ikkje sett nokon eksakt dato for når tunnelen skal vera ferdig. Det er betre å sikra skikkeleg undervegs og hindra skader, enn å bli ferdige til ein viss dato. Målet vårt er å gjennomføra arbeidet utan setningar i det heile, seier prosjektleiar Øyvind Kommedal i Statens vegvesen Rogaland.

### Utfordringar

Grunnfjellet på Storhaug er fyllitt. Det er ein relativt solid bergart, men steinen har det geologen kallar ein skifrig struktur. Den kan dela seg i flak – som skifer. Det vil seiå at arbeidarane må bruka mykje tid på å stabilisera tunnelen etter kvart som arbeidet går framover. Det er òg stor skilnad på kor mykje fjell

det er mellom den planlagde tunneltraseen og husa over. Der tunnelen ligg djupast er det 30 meter fjell over, medan det berre er fem meter på det tynnaste. Ei anna utfordring som vegvesenet tek svært alvorleg, er faren for at nivået på grunnvatnet kan endra seg.

– Me vil setja opp avanserte målesystem som kan fanga opp dei aller minste endringar i grunnvassnivået. Dersom noko skulle skje, er me klare til å pumpa vatn inn att for å kompensere for det som måtte lekka ut, forklarar Øyvind Kommedal.

Dette kallast infiltrasjons-metoden, og Statens vegvesen skal få hjelp av ekstern kompetanse til akkurat dette arbeidet. Elles skal etaten gjera tunnelarbeidet sjølv, og ta seg av sikring og byggjing av portalane i kvar ende av tunnelen. Lys, ventilasjon og asfaltdekke i tunnelen vil truleg bli sett vekk til andre firma.

### Delar på rekninga

Prisen på Storhaugtunnelen er 127 millionar kroner. Prosjektet er eit

spleislag der staten betalar den eine halvparten, og Rogaland fylke og Stavanger kommune delar på den andre halvparten. Pengane som vegvesenet legg i prosjektet kjem via statsbudsjettet, og dette er det einaste nye prosjektet som det vart sett av pengar til i Rogaland i 1999.



Gudmund Gausel, oppsynsmann i Statens vegvesen Rogaland, peiker ut kor tunneltraseen skal gå – ein del meter under gateplan.

Det er viktig å bruka den kompetansen me har, og Statens vegvesen har stor kompetanse, seier samferdselsminister Odd Einar Dørum. Ministeren trur at etaten kan få nye oppgåver innan transportsektoren, t.d. jernbanebygging. Men statsråden strør ikkje om seg med kjappe lovnader, verken til vegvesenet eller til Rogaland.



# Ingen kjappe lovnader

Tekst og foto: Harald Sel

Eg er tildelt tid til eit intervju med ein travel statsråd. Han er veltalande og ordrik. Når han blir ivrig og engasjert, – og det er han ofte – kan ordstraumen nærma seg flaum. Her må ein vera vaken for å få med seg konklusjonane i dei resonnerande tankerekkene hans..

– Det største etterstupet i politikk er å gje lovnader som ein ikkje har kontroll over, seier Odd Einar Dørum. I neste setning vedgår han likevel at han i visse samanhengar har drege kjappe slutningar.

– Eg har gitt lovnader som det har vore uråd å halda, t.d. i samband med framlegget til Statsbudsjett for 1999. Det har eg lært av.

## Omstilling og nytenking

Han vaktar seg også vel for å gje raske lovnader om arbeidsoppgåver- og framtida til Statens vegvesen. Men han rosar etaten, mellom anna for at ein har hatt og har- vilje til omorganisering, omstilling og nytenking.

– Vegvesenet har vist evne til å sjå utover sitt tradisjonelle arbeidsfelt, – veg og vegtrafikk. Det er ein viktig grunn til at etaten fekk koordineringsansvaret for arbeidet med Nasjonal transportplan 2002–2011. Dessutan er vegvesenet effektivt nok til å klara denne oppgåva innan den korte tidsfristen som er sett for arbeidet, seier Dørum.

– Ser du for deg at Statens vegvesen skal utvikla seg til å bli ein nasjonal transport- og samferdselsetat?

Statsråden tenker seg om – ei ørlita stund. – Så langt har eg ikkje tenkt. Men det er jo eit steg i den retninga når vegvesenet har fått større ansvar for kollektivtrafikken. Kollektivtilbodet er ikkje godt nok, særleg rundt storbyane. Så her har både vegvesenet og andre ei stor utfordring.

## Transportplan for Nord-Jæren

Samferdselsministeren har ved fleire høve uttalt seg rosande om Transportplan for Nord-Jæren, planen som truleg blir godkjent av Stortinget i haust.

– Ved denne planen har ein i større grad enn ved tidlegare planar for storbyområda, arbeidd inn både byane og nærområda sine behov. Det gjeld vegprosjekt, tilrettelegging for kollektivtrafikk både på veg og bane, gang- og sykkelvegar og miljøtiltak, seier Dørum. Han likar også finansierings-pakken, der både det offentlege og brukarane skal yta sin del. Bompengeringen med høgare bompenge-sats i dei mest trafikkerte periodane av døgnet – ei form for vegprising – er også ein god ting ved planen, meiner samferdselsministeren.

Han seier at Statens vegvesen Rogaland, som har hatt ei sentral rolle ved utarbeidninga av Transportplan for Nord-Jæren, har gjort eit godt arbeid. At folk frå Vegvesenet for tida er med i planarbeidet for bygging av dobbelsspår på Jærbanken mellom Stavanger og Sandnes, ser han også positivt på.

– Dersom Statens vegvesen si produksjonsavdeling utnyttar sin kompetanse og er konkurransedyktig, er det ikkje

realistisk at etaten i si tid kan få arbeidet med bygging av nytt jernbanespor på Jærbanken mellom Stavanger og Sandnes, seier statsråden.

– Kva med ein framtidig jernbanetunnel ved Drangsdalen i Lund?

– Det prosjektet ligg nok eit godt stykke inn i framtida. Men Statens vegvesen har jo tunnelkompetanse, og den er det viktig å bruka.

## Prioritering innan ramme

Gjennom synfaring langs Ryfylkevegen og seminar på Sand, har samferdselsministeren fått ei grundig innføring i regionen sine ønske, problem og behov innan samferdselssektoren.

Kor mykje betyr betre kommunikasjonar for Ryfylke si framtid? Me minner statsråden om Statistisk sentralbyrå si levekårsundersøking der fire Ryfylke-kommuner, Rennesøy, Finnøy, Hjelmeland og Suldal, er med på ti på topp-lista. Av desse er det likevel berre kommunen med fastlandssamband, Rennesøy, som har vekst i folketallet, i dei andre går folketallet ned.

Kva refleksjonar gjer samferdselsministeren seg ved dette?

Dørum er klar nok i sitt lange og resonnerande svar. Det er ikkje vanskeleg å skjøna at folk i Ryfylke, og kanskje særleg ungdommen, vil ha fastlands-samband. Men korleis ein skal prioritere slike store prosjekt er i første omgang ei sak i samband med Nasjonal transportplan, der den første fylkespolitiske behandlinga blir i februar 1999. Planen skal sluttbehandlast i Stortinget våren 2000.

Ryfylke og fylket må prioriera, mellom anna om ein vil ha røyrbru over Høgsfjorden eller ikkje.

– Eg mislikar sterkt når politikarar ikkje kan setja seg saman og prioritera innanfor ei oppgitt ramme, konkluderer han.

### Ungdom – kreativitet

– Men det kjem fram at ungdommen i Ryfylke legg avgjerande vekt på gode kommunikasjonar, i spørsmålet om dei skal satsa på ei framtid i regionen eller ikkje. Dei vil ha fastlandssamband og dei vil ha nattferjer fram til eit fastlands-samband er etablert.

– Ja. Kanskje Ryfylke bør satsa meir på ungdommen. Elles er det heilt klart at det vil vera viktig for Ryfylke å få fastlandssamband. Problemets er at det alltid fins mange fleire gode prosjekt enn det fins pengar til å realisera dei. Men eg utfordrar Ryfylke og Rogaland til å vera kreative. Prøv å finna fram til grep, seier Dørum. Men han vil ikkje- eller kan ikkje- konkretisera kva slags «grep» som kan vera utløysande for realisering av fastlandssamband og andre prosjekt.

### Lokale og sentrale «grep»

«Medan me ventar på fastlands-samband...» var tittelen på seminaret samferdselsministeren var med på i Sand. Kva skal ein gjera for å betra kommunikasjonane, medan ein ventar på fastlands-samband? Me stiller spørsmålet til Dørum.

– Eg veit det finst rasfarlege vegar. På synfaringa langs Ryfylkevegen konstaterte eg også at sjåførane så avgjort bør vera edru når to trailarar møtes. Men eg kan ikkje seia anna enn eg alt har gjort; det finns mange gode prosjekt og for tida er det lite å henta av statlege midlar til å realisera dei. Difor etterlyser eg lokale grep.

Men kva med sentrale «grep», t.d. frå ministeren sjøl? Han sa det ikkje. Men ei av hans veltalande tankerekker kan ein tolka som om han kan tenkja seg å ta eit initiativ overfor vegsjefen i Hordaland om opprustninga av Rv 13 frå Hordaland grense til Røldal. Kan han få fortgang i det prosjektet, er det utvilsomt eit «grep» som folk i Ryfylke vil setja pris på.

# Tunnel under Boknafjorden

– Ferjer er ikkje framtidsretta. Difor bør me få tunnel under Boknafjorden. Dette sa vegsjef Tor Geir Espedal under samferdselskonferansen for Ryfylke. Statsråd Odd Einar Dørum sat i salen. Samferselsministeren kommenterte ikkje utspelet, men han sa at han likte kreative og friske vegsjefar.

Tekst og foto: Harald Sel

Vegsjefen sitt tema på konferansen var «Vegvesenet, Staten sin forlenga arm?». I sitt innhaldsrikt og engasjerte innlegg konkluderte han mellom anna med at vegvesenet ikkje berre er Staten sin forlenga arm, men til og med Staten sin *utstrakte* forlenga arm. Dette gjeld ikkje minst overfor distrikta og lokalpolitikarane, meinte vegsjefen.

Men det var utspelet om tunnel under Boknafjorden som vakte mest interesse. I ettertid har vegsjefen fått stor støtte- og mange positive kommentarer.

Den mest aktuelle kryssinga av Boknafjorden er mellom Tungenes i Randaberg og Arsvågen på Bokn. Ein tunnel her vil bli 24 km, ein lengde tilsvaranande Lærdalstunnelen som er under bygging. Prosjektet ligg i alle tilfelle eit stykke fram i tid. Men vegsjefen sa at det er naturleg å trekka det fram i samband med kampen for å styrka ferjekapasiteten mellom Mortavika og Arsvågen.

– Same kor stor kapasitet me får på Boknafjordsambandet, vil det aldri bli ei fullgod løysing. Ferjesambandet vil alltid vera ein flaskehals, sa Espedal.

Grove økonomiske kalkyler viser at Boknafjord-kryssinga vil kosta mellom 1,5 og 2 milliardar kroner. Med tunnel under fjorden, vil ein kunne kjøra mellom Stavanger og Haugesund på litt over ein time. I dag må ein i beste fall rekna med å bruka to timer på turen mellom dei to byane.



Vegsjef Tor Geir Espedal under konferansen på Sand.

# Ferjefri Boknafjord

Samfunnsøkonomisk er det svære fortjenster å hent ved å knytte nordre- og søndre del av Rogaland sammen, med halvannen times ubrutt bil- eller busstur fra Torget i Stavanger til Haraldsgata i Haugesund.

Nord-Rogaland er allerede i dag Norges mest ekspansive område. Etter at Gardermoen er fullført, er Kårstø landets største anleggspllass. Og mer er i vente. Norges første gasskraftverk blir etter all sannsynlighet bygd enten på Kårstø eller Håvik. Får Hydro realisert sine planer om et CO2-fritt gassverk på sitt område, vil det bli fulgt opp med fordobling av kapasiteten ved aluminiumsverket som allerede er Europas største.

Minst like viktig er det at trekantsambandet Stord-Bømlo-Sveio vil knytte Haugalandet sammen med Sunnhordland. Industribidrifter som Aker Stord og Umoie Haugesund blir med ett så å si nabovirksomheter, og Haugesund blir et ekspansivt og meget kjøpsterkt distrikt, i størrelse omtrent på halvparten av dagens Stavanger/Sandnes-område.

For Rogaland samlet vil det bety uendelig mye om de to delene av fylket kan forene krefter. En tunnel under Boknafjorden vil mer enn noe annet bidra til det.

Utdrag av leder i Stavanger Aftenblad 31. oktober




Tekst og foto:  
Birgit Høiland Gudmestad

# Lang kamp FOR TRYGGARE VEG

I årevis har folk som bur på Tengs, og langs riksveg 44 mellom Eie og Tengs i Egersund, kjempa for å få gang- og sykkelveg.

No ser det endeleg ut til at dei får det som dei vil. Men først må dei venta tre år til på pengar.



Siste dagen i oktober trassa over 40 barn og vaksne vind og regn og møtte fram for å gå ein bit av den farlege strekningen saman med vegvesenet. Dei berre fnys når det blir snakk om pengar og budsjett.

## – For lenge sidan

– Pengar er det nok av. Me kan ikkje skjøna kvifor alt skal gjerast så dyrt og flott og ta så lang tid. Gang- og sykkelvegen burde me hatt for fleire år sidan,

seier dei, og viser til at eit entreprenør-firma har bydd seg til å tippa gratis overskotsmasse i Tengselva for å fylla ut. – Då kunne prosjektet vore ferdig for lenge sidan, meiner oppsitjarane. Dei som



Det blir ikkje mykje plass att til myke trafikantar på riksveg 44 når bilane skal ta seg gjennom svingane mellom Eie og Tengs i Egersund. Her er det praktisk talt ingen vegskulder, og det finst fleire tilsvarande stader.



arbeider med saka på vegkontoret, har ikkje registrert noko tilbod om fyllmasse.  
– Me kan heller ikkje byrja å fylla ut i elva utan at alt er avklara med grunneigarane og før me har gjort tilstrekkelege undersøkingar av grunntilhøva. Så langt er ikkje dette prosjektet kome enno, seier overingeniør Ivar Hebnes ved utbyggingsavdelinga på vegkontoret.

### Hestar i vegen

Det har vore 18 meir eller mindre alvorlege ulukker på riksvegen mellom Eie og Tengs frå 1988 og fram til no. Ingen fotgjengrarar har vore innblanda, men så er det heller ikkje mange mjuke trafikantar som brukar vegen. Både vaksne og barn som skal til Egersund sentrum, brukar bil til å ta seg fram. Det blir mykje sjåførjobbing for foreldre med mange aktive barn. I Tengsastranda ligg eit ridesenter som trekkjer barn, ungdom og vaksne frå

store delar av kommunen. Brukarane tek seg fram med bil for å unngå trafikken – og skapar dermed endå tettare trafikk. Men hest og ryttar må jo utfalda seg ein stad, og ekvipasjane brukar riksvegen for å koma til og frå meir egna ridevegar. – Då ridesenteret kom for over 20 år sidan vart eg glad. No får me sykkelsti, tenkte eg, for byfolka slepp ikkje ungane sine ut på denne farlege vegen. Men det kom ingen sykkelsti, og ungane må køyrrast til og frå, seier Edith Karlsen. Ho bur på Tengs, og har hatt gang- og sykkelvegen på ønskelista i fleire tiår.

### Tungtrafikk og skulebarn

– Dette handlar først og fremst om tryggleiken til ungane våre. Trafikken består av personbilar som skal til og frå dei store arbeidsplassane på Tengsareid, og til gatekjøkkenet og hagesenteret. Dessutan har me store sandbilar som køyrrer til og frå sandtaket på Fotland,

Dersom ungane på Tengs vil gå vidare ned til Egersund, må dei ut i vegen her.

Resten av riksveg 44 ned mot Eie er smal og svingete, og mange stader er det ikkje vegskulder korkje mot fjellskjeringa på innsida eller elva på utsida.

og grusbilar som køyrrer til og frå steinbrotet på Hellvik. Mykje av tungtransport som kjem med ferja frå Danmark til Egersund køyrrer riksveg 44, og det same gjer store delar at turisttrafikken om sommaren. I tillegg kjem personbiltrafikk og rutebussar. Når det ikkje skjer fleire alvorlege ulukker, er det fordi me ikkje vågar å senda ungane ut på vegen, seier May-Britt Sviland, leiar for velforeininga i Tengsastranda.

Det er også ein campingplass på Tengs, og på sommaren brukar mange turistar å gå tur langs vegen.

Framhald neste side



Her byrjar den eksisterande sykkelvegen (t.v.) og her sluttar han (t.h.).

### **– Herifrå til evigheta**

Det finst alt ein liten bit med gang- og sykkelveg på den aktuelle strekningen. Den går frå bensinstasjonen og nokre hundre meter nedover til den pluteleg stoppar i ein sving. Eit par store steinar skal hindra at folk fær utfor og hamnar i elva. Vonaleg har alle syklistane lyset i orden, for det er ikkje gatelys i området. Syklar ein på ein stein i mørket, eller unngår steinen og syklar utfør vegbanen, vil ein i beste fall bli alvorleg skadd. Nokre titals meter før denne steinbarrieren, må ein ut i vegbanen dersom ein vil gå eller sykla vidare mot Egersund. – Me kallar denne vegstubben for «herifrå til evigheta». Verst er det for turistane som ikkje er kjende. Det er eit under at det går godt. Eit anna problem er at folk ofte brukar sykkelvegen som parkeringsplass, slik at det blir både risikabelt og trøngt å bruaka den, seier Edith Karlsen.

### **Ingen planar for Tengs-brua**

Det er planlagt å byggja ny gang- og sykkelveg frå Eie og opp til den møter den biten som alt er på plass. Frå bensinstasjonen, forbi gatekjøkkenet og avkjøringa til Tengsareid og fram til Tengs bru, er det enno ikkje avgjort kva som skal gjerast. Dette er ein strekning på 4-500 meter, og det er herifrå og nordover dei fleste barnefamiliane bur. Vegvesenet har i dag ingen planer om å gjera noko med vegen nord for bensinstasjonen. Men May-Brith Sviland i Tengsasrtanda Vel peikar på mange problem:

– Brua er så trong at to grusbilar har problem med å passera kvarandre, og fortaua på kvar side er så smale at det er akkurat så vidt det går an å balansere ei barnevogn oppå. Frå bruha og ned til sykkelvegen kan me velja om me vil gå midt i vegen, eller vassa i grøfta.

– På nordsida av bruha, der riksveg 44 kryssar fylkesveg 51, manglar både gangfelt og busslommar, og her går skulebarn på og av bussen. Me ønskjer oss både gangfelt over og gangsti rundt krysset. Fartsgrensa er i tillegg 60 km i timen, den burde vore sett ned til 50, meiner Sviland. Det er heller ingen skilt i området som varslar at det er barn i vegen.

### **Kommunen ville heilt opp**

– Kommunen meinte at heile strekninga frå Eie til Tengs skulle omfattast av prosjektet. Men ifølgje vegvesenet var det ikkje pengar nok, og sykkelvegen kjem til å stoppa ved bensinstasjonen, seier Per Steinar Berentsen. Han jobba tidlegare som planleggjar på planavdelinga i Eigersund kommune, og laga

reguleringsplana for området.

– I tillegg ville me gjort noko med krysset der ein køyrer av mot industriområdet, til dømes kunne det her vore laga ei rundkjøring. Me treng også ein parallel sykkelveg langs bruha, lik den som er planlagt over jernbanebruha på Eie. Ein undergang under bruha og over til friområda langs elva er også ønskeleg, seier Berentsen.

– Eg håper at dette kan bli med i ein fase 2 av prosjektet, og at det ikkje går for lang tid før vegvesenet finn pengar til å fullføra sikringstiltaka på riksveg 44, seier Per Steinar Berentsen.

Reguleringsplana som omfattar gang- og sykkelveg skal handsamast av Eigersund kommunestyre før jul, og etter det er det klar bane til å starta tingingar med grunneigarane. Kommunen sjølv er ein stor grunneigar i området, men det er også mange private grunneigarar med strandrett langs Tengsvågen.

Det er sett av totalt 14 millionar kroner til prosjektet, åtte millionar i 2000 og dei siste seks i 2001.

### **Ulukker på riksveg 44 mellom Eie og Tengs 1988–1998:**

13 ulukker med personskade, til saman 14 personar skadde. Av desse vart 11 personar lettare og tre personar alvorleg skadde. 17 personbil, ein bil med campingvogn, tre tunge motorsyklar, ein buss, tre lastebilar, ein syklist, tre mopedar og to varebilar har vore innblanda i dei 13 ulukkene.

Ingen fotgjengarar har vore utsette for rapporterte ulukker på denne vegstrekninga dei siste ti åra.



## Opprusting på Rennesøy: Gamle-vegen fullstendig ferdig

Frå å vera ein av dei aller dårligaste fylkesvegane i Rogaland, er vegen mellom Nedrabø og Hanasand på Rennesøy rusta opp. Arbeidet på den to kilometer lange sterkninga, medrekna asfalt, har kosta nesten 2,9 millionar kr.

Tekst og foto: Harald Sel

– Den gamle vegen var fullstendig ferdig, seier Lewy Dalen som har vore prosjektansvarleg. Han viser til at vegen har ein del busstrafikk og at ikkje minst veksthusnæringa i området har eit stort transportbehov. Så det var på høg tid at vegen blei forsterka og utvida. Frå å vera svært smal, er den nye vegbreidda på 5 meter, med ei 4,5 meter brei asfaltstripe. Møteplassar hører også med, slik at større bilar skal kunne passera utan problem

Arbeidet som nå er avslutta, er første trinn i opprustinga av vegen mellom Østhusvik og Hanasand, ei strekning på omlag 3,5 km. Etter planen skal vegen mellom Nedrabø og Østhusvik få si «ansiktsløfting» i 1999. Men den gamle vegen her er ikkje fullt så dårlig som den ein hadde mellom Nedrabø og Hanasand.

Arbeidet er utført av Statens vegvesen i eigenregi. Ein gravemasin frå Brødrene Risa A/S med førar har vore innleidd i store delar av anleggsperioden, som var frå august til slutten av november. Lewy Dalen seier at ein har hatt problem

med dårlig grunn og stort tilsig av vatn. Dette har til tider gjort arbeidet meir komplisert, men alt i alt har det gått greit.


Samtidig med vegarbeidet, har vegvesenet utført arbeid for Stavanger Energi. Det gjeld først og fremst legging av nytt kabelnett og tilrettelegging for montering av betre veglys.

Maskinføraren klarar det meste med skufla, men stundom trengst det muskelkraft til finjustering. Her er Laurits Torsen i arbeid med spettet.



# Rassikringsplan for vegane i Rogaland

161 rasområde langs riks- og fylkesvegane i Rogaland bør sikrast. Dette vil kosta bortimot 500 millionar 1998-kroner. Dette er konklusjonen i Statens vegvesen Rogaland sin rassikringsplan som blei lagt fram 26. oktober. Ei arbeidsgruppe med overingeniør Bjørn Alsaker som prosjektansvarleg har utarbeidd planen.



Bjørn Alsaker har vore prosjektansvarleg for arbeidet med rassikringsplanen.

Tekst og foto: Harald Sel

Under arbeidet med planen har det vore synfaring på 11 riksvegar og 19 fylkesvegar. Av dei 161 raspartia er 102 registrert på riksvegane og 59 på fylkesvegane. For kvar vegrute er det utarbeidd prioritert sikringsplan delt i tre hovudgrupper:

- Store-og høgt prioriterte prosjekt
- Mellom-prioriterte tiltak
- Lågare prioriterte sikringstiltak

Det er brukt ein ny modell ved utarbeidning av prioriteringslista. Her er det lagt mest vekt på vegstandard og trafikkmengde, om strekninga er skuleveg, rasfrekvens og eventuell omkjøringsveg og lengda på denne.

Rogaland har tidlegare prioritert Ivarsflaten på Suldalsvegen (Rv 13) og Lovraeid på Jelsavegen (Rv 517) på topp av rassikringsprosjekt. Begge stadene er det planlagt tunnel til omlag 30 millionar kr forbi den rasfarlege strekninga. Denne prioriteringa står fast, seier Bjørn Alsaker, men etter kriteria som er nytta i utarbeidninga av planen, får to prosjekt høgare prioriterings-poeng enn Ivarsflaten.

Det er Svoå ved Tysdalsvatnet i Strand (Rv 13) – kostnad: 15 millionar – og Ropeid – Tysseland i Suldal (Rv 520) – kostnad 2 millionar.

Me viser elles til tabellen over dei 20 høgst prioritert rassikringstiltaka langs riksvegane.

Rassikringsgruppa sitt arbeid viser at vegane i Rogaland blir stengde av alle typar ras, men det er oftast steinras og snøras som fører til full stenging. Ryfylke er den regionen i Rogaland som har flest rasfarlege vegstrekningar.

Langs Rv 13 er det registrert 29 rasområde. Dette er den riksvegen som er mest utsett for ras. Deretter kjem Rv 45 frå Hunnedalen til Vaule bru, der det har gått ras på 26 stader.

På fylkesvegane er det Fv 281, Frafjordvegen, som har den største rasfarene. Men det problemet vil vera løyst i juni 1999, når den nye vegen til Frafjord er ferdig.

## Prioriterte rassikrings-prosjekt

Vurderinga er gjort ut frå ein prioriteringsmodell, der det er lagt mest vekt på rasfrekvens, vegstandard, trafikkmengde, om strekninga er skuleveg, eventuell omkjøringsveg og lengda på den.

Veg	Stad	Kommune	Døgn-trafikk	Tiltak	Kostnad mill. kr
Rv 13	Svoå, Tysdalsvatnet	Strand	1000	Ny tunnel	15,00
Rv 520	Ropeid – Tysseland	Suldal	600	Reinsk/bolting/nett	2,00
Rv 13	Ivarsflaten	Suldal	400	Ny tunnel	30,00
Rv 13	Osberg	Suldal	400	Ny tunnel	18,00
Rv 13	Lovratunnelen	Suldal	1000	Ny tunnel	30,00
Rv 13	Ytre Eiane	Hjelmeland	900	Reinsk/nett	0,54
Rv 13	Kjøladalen	Hjelmeland	900	Rasoverbygning	1,40
Rv 45	Giljajuvet	Gjesdal	1000	Vegsikr. + tunnel	12,00
Rv 13	Skotet tunnel	Hjelmeland	900	Tunnel-portal	1,80
E 39	Tronvik – fylkesgrense	Lund	2800	Nett	1,60
Rv 502	Søre Eigerøy	Eigersund	6600	Bolting/nett	2,00
Rv 520	Storlitjørn	Sauda	350	Fjellreinsk	0,20
Rv 45	Giljajuvutunnelen	Gjesdal	1000	Nett i tunnelen	0,06
Rv 13	Skårajuvet	Suldal	300	Nett	1,50
Rv 42	Gya 1	Eigersund	500	Ny tunnel	12,00
Rv 45	Ved Giljajuvutunnelen	Gjesdal	1000	Reinsk/nett	0,20
Rv 13	Krokanesodden tunnel	Suldal	300	Tunnel-portal	1,30
Rv 517	Lovraeid	Suldal	400	Ny tunnel	30,00
Rv 42	Gya 2	Eigersund	500	Ny tunnel	18,00
Rv 13	Breivik	Suldal	600	Ny tunnel	12,00

Frå Rv 13 langs Tysdalsvatnet, og med fjellplatået Svoå i bakgrunnen. Ved den modellen som er brukt ved utarbeiding av lista over prioriterte rassikringsprosjekt, kjem Rv 13 ved Svoå på topp. I tillegg til rasfrekvens, er det mellom anna lagt vekt på trafikkmengde, vegstandard og at vegen blir brukt til skuletransport.

Bjørn Alsaker seier at det er eit omfattande arbeid som ligg bak planen. Særleg har Kjell Narvestad i sør-fylket, Svein Fure i Ryfylke-regionen og Jens Aanderaa ved laboratoriet vore sentrale i planarbeidet.

Utsiktene til å få gjort noko med dei mest rasfarlege områda innan rimeleg tid er nokså usikre. Rett nok har Regjeringa uttalt at arbeidet med rassikring av vegnettet skal prioriterast i åra framover.

Samferdselsdepartementet arbeider med ein nasjonal plan for rassikring. Den skal vera eit hjelpemiddel i arbeidet med budsjettet for 2000 og for arbeidet med Nasjonal transportplan. Dette går fram av stortingsproposisjonen om statsbudsjettet for 1999.

Av større rassikringsprosjekt i Rogaland, er det likevel berre den nye tunnelen på Rv 13 ved Ivarsflaten på Suldalsvegen ein kan rekna med å få bygd i komande fireårsperiode. Dette prosjektet er kostnadsrekna til 30 millionar kroner. I handlingsprogrammet er Ivarsflaten tunnel ført opp med midlar frå år 2001.

Ein del småprosjekt kan bli utbetra over driftsbudsjettet. I leiarmøtet har vegsjefen og avdelingsleiarane gått inn for å prioritera ein del driftsmidlar til rassikringstiltak på riksvegane.



Målsettinga er å setja av 1,5 millionar kroner årleg frå år 2000 og fem år framover. Leiarmøtet vedtok vidare at rassikringsplanen skal leggjast til grunn i arbeidet med framtidige budsjett og andre langsigktige tiltaksplanar. Leiarane meiner at planen gir eit godt grunnlag når ein skal synleggjera behova for rassikring overfor politikarane. Planen er også eit viktig dokument i drøftingane om kva tiltak ein skal prioritera.

I første omgang er rassikringsplanen lagt fram til politisk drøfting i Rogaland fylkeskommune sitt utval for samferdsel.

#### Visjon år 2010

Rassikring av vegnettet er ein del av Statens vegvesen sitt arbeid mot Visjon 2010. Prosjektgruppa for rassikringsplanen markerer dette ved å bruka første side i plandokumentet til visjonen.

- Særleg relevante er desse punkta:
- Landet er bunde saman på ein miljøvennleg, trygg og effektiv måte
  - Me bidrar til trivelege og leve-dyktige lokalsamfunn
  - Det er enkelt og det gir positive oppleveingar å vera trafikant

– Vakre omgjevnader gjev mennesket ro i sjela. Stygge omgjevnader gjer oss aggressive, og keisame og monotone omgjevnader gjer bilførarar søvnige, slik at det går utover trafikktryggleiken, seier landskapsarkitekt Laila Løkken.

# Estetikk og trafikk

Tekst og foto:  
Birgit Høiland Gudmestad

På vegkontoret et det tilsett to landskapsarkitektar. Løkken tok til i stillingen i august, og Terje Børshheim har arbeidd i vegvesenet sidan 1992.

## Buskar og blomar

– I 1991 avgjorde vegdirektoratet at det skulle vera landskapsarkitektar på alle vegkontor. Før den tid hadde det vore tilsett eit par sentralt, og elles litt tilfeldig i nokre fylke. Då eg byrja her, merka eg at folk hadde forventningar, og det var positivt. Men eg vart gjerne oppfatta som gartnerar, og kom ofte seint og overfladisk inn i prosjekta. Etter kvart har forventningane endra fokus frå buskar og blomar og over på meir generell planlegging, og det er eg nøgd med, seier Terje Børshheim.

Når eit nytt anlegg skal planleggjast, er landskapsarkitektane med i prosessen frå byrjinga. Dei utfører landskapsanalyser, greier ut konsekvensar ved ulike traséval og peiker på eventuelle konflikter og konsekvensar. Slik bidreg dei til å avgrensa negative miljøeffektar og syter for at vegen fell mest mogleg naturleg inn i landskapet. Dei tek meir enn gjerne blomar og buskar med i planane sine, men gartnerar er dei altså ikkje.

## Miljøomsyn

Landskapsarkitektane er ein del av utbyggingsavdelinga, plassert i den nye, store miljø-, plan- og byggjeseksjonen. Arbeidsoppgåvene deira spenner frå generell planlegging av store og små


anlegg til teikning av støyskjermar. Arbeidsoppgåvene er varierte, ikkje minst fordi landskapa vegvesenet byggjer veg i er så ulike.

– Me må sjølv sagt ta heilt andre omsyn og gjera ulike vurderinga når det er ein landeveg som skal byggjast enn når det er ei bygate.

– Me vil hindra negative konsekvensar for vassdrag eller urørte naturområde, og syta for at vegen ligg fint i terrenget. Gjeld det tettbygde strok, er materialval, fargeval, støy og konflikter mellom brukarar noko me må ta omsyn til.

I det heile, me ser etter samanhengar og heilskap i prosjekta, oppsummerer Laila Løkken.

Landskapsarkitektene går òg gjennom gamle planar og revurderer vedtak som



# Årets lærebedrift 1998

vart gjort før ein byrja å ta miljøomsyn. Og etter at eit anlegg har vore ferdig og i bruk ei tid, evaluerer dei og prøver å finna ut om området har vorte betre eller dårlegare.

## Vegen skal vera vakker

– Eit anlegg skal sjå skikkeleg ut.

Samstundes har me budjettrammer å halda oss innanfor, slik at målet heile tida blir å gjera maksimalt ut av dei ressursane me rår over. Prosjektlearen har det overordna ansvaret for estetikk og miljø, seier Terje Børshheim.

– Gode løysingar kostar ikkje alltid meir. Og det er rom for kreativitet i Statens vegvesen, seier Laila Løkken, som tidlegare har hatt tre Rogalands-kommunar som arbeidsgjevarar.

Terje Børshheim tek opp tråden:

– Sjå berre korleis me maler og tapetserar og set blomar på bordet heime, sjølv om det stort sett berre er éin familie som har glede av det. Til samanlikning er det kanskje 30.000 som passerer på motorvegen.

Han framhevar samarbeidet med anleggsgartnerane, som lagar grøntanlegg etter teikningar frå landskapsarkitektane.

– Me har eit godt samarbeid, og får tilbakemeldingar på kva som fungerer. Når eit nytt anlegg blir budsett, blir det sett av pengar til tre års etableringsvedlikehald av grøntanlegg. Slik blir anlegget sikra eit godt vedlikehald i den viktige førstefasen, fortel Laila Løkken.

## Ingen luksus

Landskapsarkitektane vil ikkje vera med på at vakre vegar og omgjevnader er luksus, eller at det tek merksemda vekk frå trafikken.

– Tvert om. Opne industrianlegg eller store parkeringsplassar tett opptil vegen, til dømes, kan avspora bilistar. Plantar me i staden ei dobbel trerekke på kvar side av vegen vil synsfeltet bli innsnevra og dermed fokusert på vegbanen. Me legg stor vekt på tryggleik, seier Terje Børshheim.

– Jobben vår dreier seg ikkje berre om estetikk. God design er å kunne inkludera funksjon, estetikk og tryggleik i det same produktet, seier Laila Løkken.

Nok ein pris er tildelt Statens vegvesen Rogaland; denne gongen er etaten kåra til Årets lærebedrift 1998. Statsråd Jon Lilletun sto for overrekkinga under Landskonferanse for vidaregående opplæring, som Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet arrangerte i november.

Tekst: Harald Sel

Foto: Bjarte Skaugset

Vegsjef Tor Geir Espedal tok imot prisen, eit kunstverk av Knut Frøyså og eit hedersteikn. Paul Standen og Egil Kr. Olsen, som begge arbeider med oppfylgjing av lærlingane, var også til stades under utdelinga.

– Det avgjerande for at nettopp Statens vegvesen Rogaland får prisen er mellom anna den positive haldninga til å utdanna ungdom til dyktige fagarbeidarar, sa statsråd Jon Lilletun i sin helsingstale. Han peika vidare på at det er breidde i fagområda der Statens vegvesen Rogaland har tatt inn lærlingar, det er gjort ein aktiv innsats for å skaffa samarbeidspartnerar gjennom opplæringskontor og opplæringsringar,

og ikkje minst blir det arbeidd for å skaffa fleire jenter som lærlingar.

– Bedrifta har óg vist store evner til omstilling. Det er ekstra stor stas for meg at bedrifta i tillegg er statleg; det viser at staten tek opplæringsansvaret sitt på alvor, sa statsråden til slutt i helsingstalen.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet har det øvste ansvaret for lærlingar i staten. Etter utdelinga gratulerte også statsråd Eldbjørg Løwer Statens vegvesen Rogaland med prisen.

– Det er eit stort og viktig arbeid som blir lagt ned for å leggja til rette for lærlingar i staten. Me vonar at denne tildelinga kan inspirera andre statlege bedrifter til å gjera ein god innsats for å få fleire lærlingar i offentleg verksemد, sa statsråd Løwer.



Kyrkje-, utdannings- og forskningsminister Jon Lilletun overrekker kunstverket og hedersteiknet som fortel at Statens vegvesen Rogaland er Årets lærebedrift 1998. Vegsjef Tor Geir Espedal tek imot prisen saman med Paul Strand (t.v.) og Egil Kr. Olsen.

Då fagfolk frå Arkeologisk museum i Stavanger gjorde utgravingar på det som skal bli eit nytt bustadfelt på Skeie på Hundvåg, fann dei restane etter ein gammal veg. Etter kvart har vegstubben blitt datert til ein gong mellom 1870 og 1920, men kvifor den vart laga og kva den vart brukt til, er førebels usikkert.

# Vegmysteriet på Hundvåg i Stavanger



Det gamle vegkrysset representerer ein svært krapp sving for den som kører hest og vogn.  
Foto: Bjørn Christian Grassdal



Vegen ligg om lag 20 meter over havet på eit høgdedrag på Skeie i bydelen Hundvåg i Stavanger. I bakgrunnen ser ein det noverande bustadfeltet. Området er regulert til bustadtomter, men akkurat der vegen ligg er det tenkt sett av plass til eit friområde.

Foto: Bjørn Christian Grassdal

**Tekst:** Birgit Høiland Gudmestad

Vegen er avdekkja over ein strekning på 90 meter i retning nord-aust til sør-vest, 20 meter over havet på det som no er godt drenert dyrka mark og beiteområde. 15 meter nord for den sørlegaste enden delar vegen seg, og ein ti meter lang strekning går mot vest. Hovudretninga går mellom to gardstun. Breidda på vegen varierer frå 2,0 til 2,7 meter. I sørrenden er han bygd opp av steinheller som er opptil eit par meter lange, og i nordenden av større steinar ytterst og mindre steinar og grus i midten. Det kan tyda på at vegen er laga i fleire etappar. Fleire av steinane har borehol som er opptil fire centimeter i diameter.

## Teknologi frå 1860

Boreholene i steinane gjorde at arkeologane fastslo at vegen ikkje kunne vera forhistorisk, og dei kontakta difor Norsk vegmuseum på Lillehammer. I oktober var Cathrine Thorstensen frå vegmuseet på Hundvåg for å sjå nærmare på vegstubben, saman med arkeolog Mogens Schou Jørgensen frå Nationalmuseet i København. Schou Jørgensen er ekspert på gamle vegar.

– Me ville sjå nærmare på korleis vegen er konstruert, og det er ikkje tvil om at han må vera relativt ny. Boreholene er truleg laga med utstyr som ein først hadde etter 1860. Dette, saman med utsagn frå eldre menneske på Hundvåg, kan tyda på at vegen vart bygd rundt 1870

og gjekk av bruk seinast rundt 1930. Men så mykje meir enn det fann me ikkje ut i første omgang, vedgår Cathrine Thorstensen. Ho skal no grava i arkiva for å sjå om ho kan finna nokre meir om vegen.

## Unøyaktige kart

– Me fann ikkje spor av vegdekke, men det kan ha vorte fjerna. Det er store steinar som er lagt på plass, så arbeidet har vore krevjande på ein stad der det eigentleg skulle vore mogleg å lagt vegen rett på bakkenivå. Det ser også ut til at han er laga i to omgangar med nokre år i mellom. På eit kart frå 1855 er det teikna inn ein veg i det aktuelle området, og på eit anna kart frå 1891 er det teikna

inn to vegar. Men desse karta er i liten målestokk og ikkje heilt nøyaktige, så det er vanskeleg å seia om det er den registrerte vegen som er merka av, sier Cathrine Thorstensen frå vegmuseet. Det som verkeleg er interessant, er kva i all verda vegen har vore bruk til. Svingen i vegkrysset er så krapp, at det ville vore svært vanskeleg å svinga med hest og vogn. Og kvifor skulle hest og vogn trenga så solid veg?

### Mjølk eller stein?

– Me har vore inne på tanken at vegen har vore bygd for å frakta stein frå eit steinbrot til eit byggprosjekt, men me veit i så fall ikkje kva slags bygg det kan ha vore snakk om. Me ønskjer å sjå nærrare på steinhellene for å finna ut om det er slitespor etter hjul eller sledemeiar. Ein annan teori er at tyskarane under siste krig kan ha brukt vegen til å frakta utstyr til stillingar ved sjøen. Frå eit militært synspunkt har Hundvåg ein strategisk plassering i byfjorden, seier Cathrine Thorstensen.

Alt dette er teoriar, og førebels kan ikkje ekspertane seja noko sikkert om kva nytte vegen har gjort.


På Hundvåg har det vist seg at det er svært få som har hørt om vegen, eller har nokon mening om kva han har vore brukt til. Ein informant har sagt at han vart brukt til å frakta mjølk på, og ein annan har sagt at han hugsa at vegen var ein liten sti då han var liten på 1920-talet. Han meinte òg å hugsa at det då vart bygd eit steingjerde tvers over vegen, noko som kan tyda på at vegen på den tida var ute av bruk.

### Friområde

Stavanger kommune har lagt ut nye bustadomter i området der vegstubben ligg, men tilfellet ville at akkurat der vegen er, er det regulert inn eit grøntområde. Det gjer det enklare, dersom ein finn ut at dette kulturminnet er verd å ta vare på.

– Eg har vore i kontakt med kommunen, og planleggjarane er positivt innstilte til å ta vare på vegen som ein del av friområdet. Men så tidleg i prosessen er det ikkje laga nokon konkrete planar for dette, og saka er heller ikkje politisk handsama i kommunen. Men me har bede om at saka blir vurdert, og det har kommunen lova å gjera, seier Terje Hovland, kulturvernksulent i Rogaland fylkeskommune.

I samband med kulturminneåret 1997, påla Samferdsels-departementet Statens vegvesen å utarbeida ein landsdekkande verneplan for vegen og bruver i samarbeid med Riksantikvaren. Arbeidet med registrering er i gang over heile landet. I Rogaland er trafikksjef Svein Magne Olsen fylkeskontakt.



## Nasjonal verneplan for vegrelaterte kulturminne

Til å leia- og koordinera arbeidet sentralt er det sett ned ei prosjektgruppe med sete på Norsk vegmuseum. Her er museumsdirektøren sjøl, Geir Paulsrød med, i tillegg til Cathrine Thorstensen og Nils Nonås.

Arbeidet med nasjonal verneplan skal gå over fire år. Forslaga frå fylka skal leverast prosjektleiinga sommaren 2000. Forslaget til nasjonal verneplan skal leverast Vegdirektoratet i desember 2001.

Verneplanen skal inndelast i tre delplanar:

1. Delplan for vegminne og veghistoriske miljø frå tidsperioden mellom 1537 og 1960.
2. Delplan for vegminne og veghistoriske miljø frå 1960 og framover.
3. Delplan for vegvesenet sine eigne kulturminne, som maskinar, utstyr og bygningar.

Målet med den nasjonale verneplanen er å sikra for framtida eit utval av vegminne og veghistoriske miljø frå omkring 1537 og fram til i dag. Opp

gjennom historien har ulike kommunikasjonsmidlar ført til stadig endring i utforminga av vegane. På grunn av dette, har mange eldre vegen og bruver anten blitt borte eller dei er sterkt forandra ved ombygging eller utviding. Men mange er framleis i god stand. Gjennom arbeidet med nasjonal verneplan vil ein kunne kartleggja vegminne og sjå korleis ein best kan ta vare på dei.

I styringsdokument for Statens vegvesen står det mellom anna at det skal satsast på å integrera kulturomsyn i vegplanlegginga. Dette vil seia at etaten i større grad skal ta omsyn til kulturminne. Dette kan til dømes vera eit gammalt veganlegg.

Vegminne er viktige nøklar til å forstå utviklinga av historien vår. Dei bør tas vare på, slik at dei kan opplevast både av folk som lever i dag og av dei som kjem etter oss.

Vegsjefen i Østfold, Olav Sætre, har sagt det slik: – Ein etat som ikkje kan ta vare på historien sin er ein fattig etat, og så fattig kan aldri Statens vegvesen bli.

Harald Sel



# Den kyrie næljkøtt

Av Kolbjørn Hauge

Den unge jenta slo augo ned og fingra med veska si. – Så mykje har eg ikkje, sa ho med låg røyst.

Fru Henriksen mönstra henne og lurte på kva ho skulle gjere. Det hadde hendl berre ein gong før i hennar lange karriere i utlånsforretningen at kunden ikkje kunne betale det forskotet som skulle til.

– Kor mykje har du då?

– Eitt tusen.

Mindre enn halvparten av det eit fullt bryllaupsutstyr kosta å leige. Jenta såg så ulukkeleg ut at den strikse fru Henriksen reint fekk vondt av henne.

– Du kan ikkje få låne fullt utstyr utan å ha pengar å betale med, sa ho.

– Eg – eg har pengar, men eg får ikkje før på – på tysdag.

Fru Henriksen vurderte henne opp og ned. Grei og fiks jente, ingen twil om det. Litt slitne klede, det var så, og skoa hadde sett betre dagar. Men det var noko truverdig overhenne, ho var lett å få godhug for i ein slik situasjon.

– Du kunne ikkje tenkje deg å ta noko mindre kostbart, då? spurde ho. – Kort kjole utan slør. Og utan diademet og alt det der?

Jenta såg endå meir ulukkeleg ut. Fingra med veska og såg ned i disken.

– Eg – eg vil så gjerne vere pen, sa ho endeleg. – Du skjønar – familien hans – dei likar meg ikkje. Og så ville eg gjerne vere pen den dagen.

Fru Henriksen smelta. Mintest då hennar eiga dotter skulle gifte seg inn i den direktørfamilien, og det skein tydeleg gjennom at ei farlaus jente med ei mor som dreiv utlånsforretning slett ikkje var god nok for gromguten.

– Høyr her, sa ho. – Møt opp her på tysdag med utstyret du no får låne og ta med deg resten av pengane, så er det i orden. Men då må du vise legitimasjon før du kan få sakene med deg.

Jenta begynte å rote ned i veska si. Etter ei stund kikka ho opp. – Eg har dessverre ingenting med meg, sa ho. Fru Henriksen rynka litt på brynene, men godtok namn og adresse jenta ga opp utan fleire innvendingar. Så fekk ho utstyret sitt og gjekk. I døra snudde ho seg og takka ein gong til, og det var ikkje langt frå at ho tok eit lite kniks med knea før ho lukka døra etter seg.

Fru Henriksen gjekk bort til vindauge og såg etter henne der ho skrådde over gata og bortover mot parkeringsplassen, og visste at ho hadde gjort dagens gode gjerning. Så var ein ny kunde på veg inn i butikken. Ein ung mann denne gongen. Han skulle leige mørk dress. Han fann fort ein som passa og bladde opp hundrelappane utan vidare dikkedarar. Fru Henriksen førte begge transaksjonane inn i bøkene sine etter beste forretningskikk, og kikka på klokka. Fem minuttar til stengetid, så var det fredagskveld og helg.

Ho sat og venta i bilen då han kom.

– Kor mykje laut du ut med?

– Ein tusenlapp. Men det var berre så vidt eg fekk sakene med meg.

Han flirte litt då han sette seg inn og lempa posen med dressen inn i baksetet.

– Synd i grunnen å svindle ei slik grei dame, sa han. – Men no kjører vi ned på hotellet og gjer oss klar. Det blir litt av ein festdag i morgen, veit du. Eg må få kjøpt ein kvit nellik til jakken min òg, elles vil vel kanskje presten protestere på utstyret.

Det var berre tre kundar inne på postkontoret då han kom. Ei eldre dame, ein ung mann og ei ung jente.

Han hadde mørk joggedress med jakke over. Finlandshette på hovudet slik at berre augo var synlege. Han bar på ein tom bag.


Først lukka han døra fort inntil. Så tok

han opp ein trekanta kloss og kilte døra fast slik at det var uråd å rikke henne nokon veg. Klossen passa perfekt, og vitna om at mannen hadde gjort godt førearbeid. Så tok han raskt opp ei lang klubbe frå bagen sin, strakte seg opp og slo i filler dei tre videokamera som filma opprinnet. Alt gjekk så fort og handfritt at ingen fekk tid til å reagere. Først då han var kommen så langt, gjekk det opp for postfunksjonærane og kundane at dette var alvorleg.

Så tok han opp ein revolver. Stor, original sak, ingen vanskar å sjå at dette ikkje var nokon startpistol. Han gjekk bort og stakk revolveren opp i fjeset på eldste-mann innanfor lukene.

– Sei frå til dei andre at dei skal halde seg borte frå varslingsknappane, elles går det ille, sa han bryskt. Postmannen





berre nikka til dei to damene som sat bakom skranken.

– Gjer som han seier, sa han håst, og venta på den vidare utviklinga. Dette hadde dei vore gjennom på fleire kurs, så han visste kva som var korrekt. Kundane stod berre og måpte, vissste ikkje kva dei skulle gjere.

– Ned på golvet alle saman! ropa mannen og veifta med revolveren. Det unge paret kasta seg ned straks. Den eldre dama hadde visst vondt i eit kne, for ho hadde visse vanskar med å komme i posisjon. Og då ho endeleg var nede på golvet, smaug det vide skjørtet seg så langt opp at litt av trusa blei synleg. Ho streva med å få skjørtet nedover så ho kunne skjule seg, såg ut som ho hadde meir vondt av trusekanten enn av postranet.

Ranaren brydde seg lite om kjerringtruser, såg det ut til. Han slengde bagen inn luka til postopnaren.

– Oppi der med alt du har av setlar, sa han. – Ikkje prøv å stikke noko unna. Eg veit kor du har alt saman. Men ver raske, eg har ikkje tenkt å stå her og vente på politiet.

Dei tre funksjonærane begynte å finne fram setlar og putta oppi bagen. Den eine prøvde å hale ut tida så godt han kunne, men då gjekk ranaren bort og kleiste revolveren i ruta framfor skranken hans.

– Få opp farten! skrek han. – Og no du – bort i safen og finn fram det du har der! Postopnaren reiste seg uvillig og gjekk litt lenger inn i lokalet der safen stod. Han opna døra og bøygde seg inn. Henta fram nokre pengebunkar og putta oppi

bagen. Då brått kasta han opp. Ut over hendene sine og pengane han bar på. Brekte seg hjelplaust fleire gonger. Då han endeleg var ferdig, peika han ned på dei utspsydde pengane og spurde med ynkeleg røyst:

– Skal du ha desse også?  
– Få alt oppi i ein fart, hører du!  
Postopnaren tørka hendene på jakken sin. Han putta oppi dei siste setlane og var på veg bort til skranken med dei. Då hende det noko som ranaren ikkje såg. Den unge jenta hadde reist seg. Ho såg ut til å vere rasande. Ho lista seg inn på han bakanfrå, svinga veska si til slag og dreiv til han i nakken så han tvinta bortover. Men han var fort herre over situasjonen igjen. Han gjekk bort og stakk revolvermunningen inn mot kinnet hennar

– Ditt naut, sa han. – No skal du få vera med på turen til takk for innsatsen. Lukk opp skrankedøra! sa han til postopnaren.  
– Lat meg få bagen, og lås meg ut på baksida. Og viss de andre så mykje som rører dykk mens vi går ut bakvegen, så skyt eg ho her, sa han til dei andre.  
– Ikkje i hovudet, så mykje er ikkje denne idioten verd. Eg skyt berre av henne foten så ho blir invalid for resten av livet, og det vil de ikkje, vel?

Så treiv han bagen og jaga postopnaren og jenta framfor seg ut bakvegen. Postmannen opna døra for han. Litt lenger borte i den tronge bakgata stod ein kassebil parkert med fronten vend utover. Ranaren jaga dei bort til bilen begge to. Bilen var ulåst. Ranaren truga jenta inn på førarsetet framme. Ho såg ut som ho hadde lyst til å gjøre motstand, men eit puff i ryggen med revolveren overtydde henne om at det var temmeleg risikabelt å finne på noko tull. Så kommanderte han postopnaren til å leggje seg flatt ned på asfalten. Til slutt sette han seg sjølv inn på passasjersetet.

– Her er nøklane, sa han. – Starta opp i ein faens fart, så skal du få beskjed frå meg kor du skal kjøre.  
Ho starta opp med revolveren pressa mot sida. Postopnaren reiste seg opp og stod og såg forvirra etter dei ei stund. Brått fekk han det travelt. Han sprang inn og trykte han på alarmknappen hardt og lenge. Så fann han eit papir og skreiv opp bilnummer og andre fakta så fort han kunne etter det han hugsa. Og til slutt snudde han seg mot dei andre som var inne i lokalet.

Framhald neste side

– Faren er over, sa han. – Reis dykk opp og slapp av. Snart kjem politiet. Best de gjer rekning med at det blir ei stund før de får lov til å gå heim. De kan gjerne bruke telefonen vår og varsle dei som treng å vite at de blir seine. Eg – eg må visst inn på toalettet og vaske av meg dette svineriet her, sa han og såg misnøgd nedover dressen sin.

Den store kassebilen svinga inn framfor skulehuset. Ein annan bil stod parkert inne i uvêrskuret. Skuleplassen låg laurdagsstille, ikkje eit menneske å sjå nokon stad. Det unge paret steig fort ut. Mannen bar på ein full bag. Dei såg ut til å ha hastverk, for dei småsprang bort til den parkerte bilen. Mannen låste opp og lempa bagen inn i baksetet. Så fortar dei seg bak og opna bagasjerommet. Dei henta fram kvar sin fulle plastpose. Det skramla i tomme hermetikkboksar og anna rot då dei smekka bagasjeloket igjen. Så gjekk dei tilbake til kassebilen og opna bakluka. Dei kraup inn i det store lasterommet og begynte å plukke opp innhaldet i posane. Det såg ut til å vere festklede – bryllaupsutstyr.

Jenta stoppa opp og såg på klokka.

– No må vi jaggurappe oss, sa ho. – Vi skal vere på prestekontoret om ein halv time. Mannen sat og gnei seg i nakken ei stund. Ho kikka bort på han.

– Er noko gale?

– Tja, nei. Greit nok at du skulle slå meg i nakken der inne. Men du trong vel ikkje slå så hardt?

Politipatruljen hadde tatt oppstilling ved innslaget til den nye tunnelen.

Maskinar og utstyr stod helgestille og venta på måndagen. Vegen var såpass ufør i anleggspersonen at alle sjåførar var nøydde til å setje ned farten mest til null om dei ikkje ville risikere å riste bilen sin i filler. Så her skulle ingen fartsgalne ranarar greie å koste forbi utan å gjøre greie for kva dei hadde i bilen sin.

Politimannen smekka igjen bagasjerommet. Så gjekk han fram til førarplassen og helsa med to fingrar til luia.

– Det er i orden, sa han. – Berre kjør vidare. Føraren nikka mutt tilbake og fekk bilen i gir. Politimannen retta seg opp og flirte til kollegaen.

– Han var ikkje heilt blid, sa han og drog på akslene.

– Det ville ikkje eg heller vore om eg skulle på helgetur og blei stansa av politiet før eg var kommen skikkeleg i gang.

– Trur du han prøver seg på å bryte ut? Han må då vite at det berre er to vegar

å komme ut av byen på, og at det er lett å blokkere begge.

– Dersom han ikkje alt er faren sin veg, då.

– Har eg lita tru på. Vi var her ti minuttar etter at vi fekk meldinga, og så langt ville han aldri vere kommen på den stunda. Ikkje trur eg ho vågar kjøre så fort heller, med ein revolver i sida. Det er slette fjellet på alle kantar, både her og på nordsida. Og lensmannen var på plass der nord lenge før ranaren hadde sjanse til å komme forbi.

– Kanskje dei er farne til heis. Tatt pengane med seg i ryggsekk og jaga henne føre seg over fjellet til Mørkedalen?

– Postranarar på fjelltur? Har eg aldri hørt om før.

Brått blei det liv i politiradioen.

– Stans grønn FIAT med to mann i, spraka det. Den eine av politimennene gjekk ut i vegbanen med stoppskiltet i handa. Straks etter blei ein liten FIAT med to ungdommar i vinka inn til sida.

Det var eit lystigare lag som gjekk gjennom kontrollen denne gongen. Dei vitsa fælt med at endeleg hadde dei fått profesjonell hjelp til å sortere ut dei ferietrusene som var så skitne at dei måtte kastast, og dei som kunne bergast ved ein grundig omgang i vaskemaskinen. Men ingen teikn til ranspengar nokon stad. Ungdommane vinka og smilte og helsa med eit ureglementært orgelhorn då deiasta vidare på heimturen. Så blei det stille ei lita stund igjen. Eit par store lastebilar og ein buss snegla seg forbi utan at nokon greip inn. Brått var politiradioen der igjen:

– Stans ungt par i lys Polo. Og høy her, Kåre – kontroller om jenta er jomfru. Det bør ho nemleg vere etter fargen på den kledrakten ho har på seg. Og spør om dei har betalt blomsterrekninga med det same.

Politimannen som tok mot meldinga, rista forvirra på hovudet.

– Kva faen er det du bablar om?

Men kollegaen som stod bakom svingen eit par hundre meter lenger framme og

varsla trafikken, svara ikkje. Han hadde demonstrativt stengt av radioen og nekta å gi nærmare forklaring på den kryptiske meldinga.

Straks etter fekk dei løysing på gåta. Eit par i fullt brureutstyr kom kjørande seint og forsiktig. Det skrangla i ei lang rekke med tomboksar og gamle kassollar på slep bakom bilen. Ein liten fargerik blomsterbukett var festa til radioantenna. Politimannen stod midt uti vegbanen med stoppskiltet. Smilte til det unge paret. Dei hadde fullt med risengrym over både seg og bilen. Sjåføren stansa og rulla ned vindauge. Politimannen bøygde seg ned og smilte til dei. Så gjekk han eit skritt tilbake og gjorde full honnor.

– Til lukke med dagen. Ta det roleg i trafikken. Du kan gjerne få lov til å gi brura ein kyss, sa han og blunka til sjåføren.

Den unge mannen bøgde seg over og gav brura ein lett kyss på dei raude leppene ho baud fram. Så vinka politimannen dei vidare med utstrakt hand, og så var kontrollen over. Det skrangla lystig i skramleverket på slep då dei runda svingen der framme.

Ein halv times tid seinare kom meldinga.

– Er du der, Henriksen?

– Javisst.

– Olstad her. Eg ville berre seie frå at ransbilen er funnen. Ein stor kassebil slik vi rekna med. Stolen frå Vestsida tidlegare i dag. Men ranaranane var dessverre fordufta.

– Kor fann de bilen?

– Oppo på skuleplassen. Roleg og usjenert stad å byte bil på ein laurdag, veit du.

– Nokon spor?

– Tja, nei. Ikkje så lett å seie før vi har sett nærare på han. Men det var ein ting vi tykte var litt rart.

– Å? Kva var det?

– Det låg ein kvit nellik i bagasjerommet. Bileigaren seier at det ikkje er han som har lagt frå seg blomster der. Kva fanken skal postranarar med kvite nelliakar, kan du seie meg det?



**Kolbjørn Hauge**

er fødd og oppvaksen på Sjernarøy og bur i Stavanger. Han var tidlegare lærar, og som pensjonist har han etablert seg som ein av Norges fremste kriminalfattarar. Med boka *Heit juice* vann han i 1993 Aschehougs pris for beste norske kriminalroman det året, og var Norge sin representant i ein nordisk krimkonkurranse. I 1995 fekk *Død mann i boks* Rivertonprisen som beste norske krimbok. I fjor ga han ut *Til jord skal du bli*, ei krimbok frå Ryfylke. *Den kvite nelliakar* er ei ny kriminalovelje, som er skriven for Rygjavegen.



Søndags-føremiddag i ei mindre trafikkert gate i utkanten av det sentrale Beijing.. Dette er som ein idyll å rekna, samanlikna med trafikk-kaoset på kvardagar, særleg på hovudvegane og i sentrumsgatene.



Bomstasjon på ein av innfarstvegane til Beijing.



Framleis er det mange syklar i Kina. Her ser me litt av sykkel-parkeringsplassen ved ein T-bane-stasjon i Beijing. Men sjøl om sykkelbruken er stor etter norsk målestokk, har talet på syklande gått mykje ned dei siste åra. Talet på bilar aukar kraftig, og sykkelen er på vikande front.

## BILISMEN PÅ GODT OG VONDТ

# – I KINA OG I NORGE

Tekst og foto: Harald Sel

Ein ferietur i Kina har gitt meg sterke inntrykk etter store opplevelingar, – mange positive og nokre negative. Det nære på fullstendige trafikk-kaoset er nok det mest negative. Framleis kryr det av syklistar. For få år sidan hadde dei god plass på vegane, nå snor dei seg fram i ein aggressiv biltrafikk.

Den eksplosivt aukande biltrafikken krev sine offer. Av ein artikkel i bladet *Våre Veger* går det fram at Kina har den tragiske verdsrekorden i talet på trafikk-drepne. I 1997 blei omlag 74.000 kinesarar drepne i trafikken. Avisa China Daily meiner trafikk-kulturen i landet er for dårleg. Mange kjører i alkoholpåverka tilstand, dei respekter ikkje raudt lys, forgjengerfelt eller fartsgrenser. Straffesystemet verkar heller ikkje effektivt. Bota for å kjøra i hel eit menneske er maksimalt 4.800 dollar, og i dei fleste tilfella betalar arbeidsgjevaren dette, fortel *Våre Veger*.

### Globalt problem

Kina har for tida ein sterk økonomisk vekst. Mykje tyder på at landet står framfor den utviklinga Norge hadde i 1960- og 70-åra, då folk flest mellom anna fekk råd til å kjøpa bil. Korleis vil styresmaktene løysa dei trafikk- og miljømessige problema ei slik utvikling fører med seg? Alt i dag kjenner ein korleis forureinings-skodda i Beijing svir

i augo og hals; me opplevde ikkje skikkelig klar himmel dei dagane me var i byen. Dette er eit kjempemessig globalt problem som også vedkjem vesle Norge, sjøl om våre utslepp isolert sett er ubetydelege. På den andre sida, bør ikkje ein kinesar ha same retten som oss til å eiga og bruka sin eigen bil?

### Tilrettelegging for bil

På innfartsvegane til Beijing er det store bompengestasjonar, så dei er tidlegare ute enn i storbyområdet på Nord-Jæren. Arbeid på store vegprosjekt var det mange av i- og rundt Beijing.

Dersom Stortinget godkjenner bompengeringen på Nord-Jæren, vil ein betydeleg del av inntektene gå til trafikk-sikring og miljøtiltak. I Beijing går nok alle bompengane til bil- og motorveg-utbygging; på same måte som det fram til nå har vore gjort ved bompenge-prosjekt i Norge. I så måte inneber bompengeringen på Nord-Jæren noko nytt og særskilt interessant. Bør me invitera vegstyresmakter frå Kina på studietur?



Ti staute karar vart heidra på årets pensjonsstiltelling på Holmavatn på Jæren. Opp til 40 år har nokre av desse veteranane arbeidd for Vegvesenet.

**Tekst og foto:**  
Birgit Høiland Gudmestad

Til saman 12 menn gjekk av med pensjon frå Statens vegvesen Rogaland i 1998,

og ti av desse deltok på tilstellinga med vegsjefen og avdelingsleiarane.

Det var sett opp buss frå vegkontoret til Sandnes, der det var ein kort stopp med mat og kaffi. Deretter bar det vidare til

Her er 1998-pensionistane i Statens vegvesen Rogaland samla saman med vegsjefen. Frå v.: Haakon B. Tolleshaug, Magne Slettebø, Kjell Eikeskog, Hans M. Severinsen, Kåre Ivar Høyland, Lars Skjervik, vegsjef Tor Geir Espedal, Øystein O. Austarå, Bjarne Dybing, Asbjørn Bøe og Magnus Danielsen. Torbjørn Helleren og Osmund Ramsfjell er ikkje med på biletet.

Figgjo AS, der det var omvisning i produksjonsavdelinga til porselensfabrikken. Ein kort tur innom fabrikkmuseet og utsalget vart det òg tid til, før turen gjekk over høg-Jæren mot dagens høgdepunkt: festmiddag, festtalar og gåvedryss. Torleiv Haugvaldstad var guide under bussturen og toastmaster under middagen.

Blant dei ti ferske pensionistane som deltok, er det Kåre Ingvar Høyland og Haakon B. Tolleshaug som har lengst ansiennitet. Både har dei 39 år bak seg i etaten. Legg ein saman arbeidsinnsatsen til alle dei 12 som har gått av med pensjon i 1998, har dei tent Vegvesenet i 361 år.

Før middagen på Holmavatn fekk følget omvisning på porselensfabrikken på Figgjo. Frå v. står Øystein O. Austarå, Hans M. Severinsen, Carmen Hjort, hovudtillitsvald i Arbeidsmannsforbundet Kristoffer Skjørestad og guide og toastmaster Torleiv Haugvaldstad.





Alle pensjonistane fekk diplom og ei gavé av vegsjef Tor Geir Espedal. Her er Asbjørn Bøe framme og tek imot sitt.



Ektefellene fekk ei påskjøning i form av ein blom, her representert ved Åse Marie Høyland.

Etter så mange års slit på vegen, eller bak kontorpulten, skulle ein kanskje tru at dei planla ei framtid i godstolen.

Men vegesenveteranane har framleis nok å driva med. Hobbyane og interesseane er aktive og allsidige, frå geologi og smykkesteinar, hagebruk og husdyrhald til reising, hytteliv og fiske.

Alle pensjonistane fekk diplom som takk for trufast teneste, og i tillegg ein lysestake i sølv. Mange hadde ektefellen sin med, og avdelingsleiarane til dei ferske pensjonistane delte ut blomar til dei.

For, som vegsjef Tor Geir Espedal uttrykte det i sin tale, «dei har mange gonger fått erfara at arbeidet i vegesenet har krevd sin mann».

Som ein liten bonustilslutt kørde bussen innom Solastranda på tur tilbake til vegkontoret. Dermed vart det kunstverket «Another place» – kanskje betre kjend som «jernmennene» – som fekk avslutta årets pensjonist-tilstelling i Statens vegvesen Rogaland.

Statens vegvesen har fått sitt landsomfattande pensjonistforbund. Under Kulturdagane i sommar blei Statens vegvesens pensjonistforbund stifta. Bjørn Sørlid frå Vegdirektoratets pensjonistforening blei vald til leiar, og mellom styremdlemmene er Chester Danielsen frå Rogaland.



Chester Danielsen er Rogaland sin representant i styret for Statens vegvesens pensjonistforbund.

## Landsomfattande pensjonistforbund

Formålsparagrafen i pensjonistforbundet sine vedtekter femner vidt. Her tar me med nokre av hovudmålsettingane som vegvesenveteranane skal arbeida for.

- Fremja og ivareta medlemmene sine felles interesser og medvirka til at pensjonistane på ein positiv måte kan delta i samfunnsutviklinga.
- Fremja kontakt og samarbeid mellom medlemsforeingane, mellom anna gjennom felles tiltak.
- Arbeida for saker som har tilknyting til pensjonistane sin livssituasjon, ved samarbeid med andre landsdekkande pensjonistsamanslutningar.
- Informasjon til medlemmene om vegvesenet og etaten sitt arbeid.
- Arbeida for at medlemmene sine kunnskaper og erfaring kan koma Statens vegvesen til gode.

I Vegen og Vi kan me lesa at økonomien til forbundet foreløpig er skral. Dei einaste inntektene så langt er pengegåver som kom inn under stiftingsmøtet. Det er laga eit budsjett for 1999 med ein rammme på 100.000 kroner. Dersom forbundet klarar å organisera pensjonisforeingar i alle fylka og blir landsdekkande, kan ein rekna med stønad frå Sosialdepartementet. Men slik støtte vil tidlegaste kunne koma frå år 2000.

### V E G P E N S J O N I S T

*Når eg sit her og tenke på åran som gjekk i frå femti te dagen i dag.*

*Då akkorden bestemt ka betaling vi fekk og då alle mått jobbe på lag.*

*Vi va samla te eitt – og det riket va mitt.*

*Eg kunn bruk kvar ei krone – kvar dag gjekk så lett.*

*Eg har levd før etaten i heile mi tid, men nå trur eg mi tid er forbi.*

Utdrag frå Vegmestervise av Anne Kristin Horn Johansen  
Kjelde: Krafta – vår egen sangbok, Statens vegvesen, Nordland 1995



Tekst og foto:  
Birgit Høiland Gudmestad

Dersom du ringjer sentralbordet på Bærheim vegstasjon, er det stor sjanse for at det er Solveig Stangeland som svarar deg. Men viss ho har fri og er heime, er sjansen endå større for at ho sit ved symaskinen.

Ho byrja som reinhaldar på Bærheim alt i 1972. Seinare har ho vore innom lager, arkiv og trykkeri – til ho no sit på sentralbordet og er den første som møter folk som kjem innom eller tek ein telefon til Bærheim.

Solveig set pris på det som er handlaga. Ho vil omgje seg med ting som er vakre og spesielle, og som ikkje er masseproduserte. Det ber huset hennar preg av. Stova heime på Sola er full av kunst-

handverk og reiseminne – stein ho har teke med frå Thailand og korall ho sjølv har henta opp frå havet.

Gleda over det som er handlaga, har òg ført til at ho har sett i gang produksjon sjølv. Solveig er allsidig, og skapar vakre ting i mange ulike teknikkar, men lappesaumen hennar er truleg best kjent. Solveig har sydd meir enn 400 sofaputer, mangfoldige løparar og stolsete i lappeteknikk dei siste 14–15 åra. Likevel er ikkje heimen hennar påfallande godt utstyrt med slike handarbeid. Ho får avsetnad på produkta sine, og har berre att ganske lite sjølv.

– Tinga er ganske etterspurde, ja. Eg har hatt bestillingsliste, og det meste av det eg lagar forsvinn fort, seier ho.

Ho er stort sett sjølvlært «lappeteknikar». Ei venninne sette ho på tanken og viste henne det mest elementære, deretter har

Solveig finslipt teknikken på eiga hand.

– Det er kjekt å klykke ut motiv frå stoffa, setja dei saman på nye måtar og planleggje fargar og former. To arbeid blir aldri heilt like.

Sjølv om Solveig har ein imponerande lappeteknikk bak seg, har ho ikkje stoppa med det. Ho har prøvd seg, med bra resultat, på porselens- og korgmaling, fotografering og filming, strikking, saum av klede, møbeltrekking, tapetsering og murararbeid. I tillegg skriv ho dikt og songar, og alt dette er berre eit utval av det ho ramsar opp som hobbyar.

– Eg må prøve alt. Men nokon gonger er det nok å prøve. Når eg får det til, er eg ferdig med det. Men eg kunne godt tenkja meg å byrja å mala bilete.

Ein synsk person sa ein gong at eg burde byrja å mala, og det første eg burde mala var ei raud rose.

## Lapp på lapp, pute på pute

## Asfalt og eplekake

Tekst og foto: Harald Sel

Dei som arbeider på vegvesenet sine utesasjoner og på anlegga rundt om i fylket set pris på å få besøk av vegsjefen. Tor Geir Espedal har sett seg som mål å besøka alle minst ein gong om året. Det er ei aergjerrig målsetting for ein sjef som er nøydd til å prioritera strengt for at tida skal strekka til.

I slutten av oktober var vegsjefen saman med stabsleiar Halvor Folgerø på gjesting ved asfaltverket i Jøsenfjorden. Produksjonsmål og måloppnåing, spesialisering, regionalisering og omorganisering var mellom dei aktuelle temaene som ein gjerne ville ha vegsjefen sine kommentarar til.

Men det var så visst inga alvorstygnd



Vegsjefen og stabsleiaren saman med dei tilsette ved asfaltverket. Frå v.: Tor Nordmark, Berit J. Haugsland, Tor Geir Espedal, Kristian Steine, Jakob Tednes, Jan Hjorteland, Halvor Folgerø, Helge Hjorteland og Lars Vaarvik. Reinholdsassistent Helga Hjorteland var ikkje til stades.

forsamling vegsjefen og stabsleiaren møtte. Asfalt- og grusproduksjonen går bra og er konkurransedyktig. Råstoff til produksjonen, i form av stein og grus, har ein sikra seg for mange år framover. Så dei seks karane og den eine kvinnen var tydeleg optimistiske med tanke på

framtidia si som vegvesenfolk.

Den gode tonen blei ikkje mindre god då Berit J. Haugsland diskja opp med heimebaka eplekake til kaffien. Slike trivelege stunder rundt bordet gjer godt i ein hektisk kvardag, enten ein er asfaltarbeidar eller vegsjef.

# Kryssord


## nr. 6/98

### VANNRETT

1. Murbryter
7. Plante av liljefamilien
11. Plante med trolldomskraft
12. Nordlandsbåt
13. Egedomspronomen
14. Røkkes rike
15. Ferjeleie
16. Actinium (kjem.)
17. Gadolinium (kjem.)
18. Poptrio
19. Solguden
20. Bilmerke
23. Europakommisjonen (engelsk fork.)
25. Øygruppe i Bengalbukta
